



Nærøyfjorden
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad:
Dato: 27.04.2026
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Andre orienteringar:

- Bru over Helgedøla i Fresvik
- Kontrakt om innsektkartlegging i Nærøyfjorden
- Høyring av ny forvaltningsordning

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 7/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 8/26	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 9/26	Orienteringar og referatsaker		
DS 3/26	Løyve - delegert sak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hovdungo - motorisert transport		2026/3273
DS 4/26	Løyve - delegert sak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Grånosmyrane naturreservat - vedlikehald av Elvamotet bru - motorferdsel - Voss Utferdslag		2026/5233
RS 4/26	Uttale frå Statsforvaltaren - Nærøyfjorden verneområdestyre - gjenoppbygging av Hortastova - Aurland 56/1		2025/8353
RS 5/26	Forvaltningsmynde for Frønningen naturreservat - Nærøyfjorden verneområdestyre		2024/18790
RS 6/26	Uttale - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vinelva minikraftverk - sidevassdrag til verneområdet - NVE		2026/5109
ST 10/26	Saksframlegg - Grånosmyrane naturreservat - Nærøyfjorden verneområdestyre - tiltak på bru i Grånosmyrane		2026/5233
ST 11/26	Nærøyfjorden landskapsvernområde - oppsetting av målesøyler - Høydøla - Kongsteigrovi - Statens vegvesen		2026/7332

ST 7/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 8/26 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 9/26 Orienteringar og referatsaker
DS 3/26 Løyve - delegert sak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hovdungo - motorisert transport
DS 4/26 Løyve - delegert sak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Grånosmyrane naturreservat - vedlikehald av Elvamotet bru - motorferdsel - Voss Utfersslag
RS 4/26 Uttale frå Statsforvaltaren - Nærøyfjorden verneområdestyre - gjenoppbygging av Hortastova - Aurland 56/1
RS 5/26 Forvaltningsmynde for Frønningen naturreservat - Nærøyfjorden verneområdestyre
RS 6/26 Uttale - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vinelva minikraftverk - sidevassdrag til verneområdet - NVE



Arkivsaksnr: 2026/5233-10

Sakshandsamar: Maria Alarcon Underdal

Dato: 03.04.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	10/26	27.04.2026

Saksframlegg - Grånosmyrane naturreservat - Nærøyfjorden verneområdestyre - tiltak på bru i Grånosmyrane

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Voss Utferslag løyve til å gjere vedlikehald på brua ved Elvamotet i Grånosmyrane naturreservat. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Grånosmyrane og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Det skal berre gjennomførast enkelt og nødvendig vedlikehaldsarbeid, som t.d. å montere nye flekar med overlapp, etterstramme plateklemmer eller skifte til kilehus og strekkfisk, grave fram taufeste i nord, stramme barduer og reparere rust.
- Graving skal minimaliserast til det som er heilt naudsynt for at festet i nord ikkje skal bli forringa. Massane må ikkje hamne i elva.
- Løyvet gjeld frå 1.5.2026 og skal gjennomførast innan 1.12.2027
- Arbeid skal ikkje føregå i den sårbare perioden mellom 1.juni og 1.august
- Alt materiell som står att etter arbeidet skal fraktast ut av området
- Det skal sendast rapport til Nærøyfjorden verneområdestyre når arbeidet er gjennomført med tidspunkt for gjennomføring og bilete av resultatet. Siste frist for å rapportere på gjennomføring er 31.11.2027.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad frå Voss Utferslag om snøskuterløyve og rapport om naudsynt vedlikehald av brua ved Elvamotet, 23.03.2026
- Løyve, delegert sak, Nærøyfjorden landskapsvernområde, Grånosmyrane naturreservat, vedlikehald Elvamotet bru, motorferdsel, Voss Utferslag, 25.3.26



- Bergo, G. 1982. *Prosjekt 10-års vernede vassdrag: Fuglefaunaen i Vosso-vassdraget, Voss kommune i Hordaland*. Rapport Ornitologi nr.2. Zoologisk museum, Universitetet i Bergen.
- Bergo, G. 2023. *Undersøkelse av fuglefaunen på større myrområde i Voss Herad 2023*.
- Håland A., Larsen, T., og Ugelvik, M. 1991. *Ornitologiske undersøkelser av Grånosmyrane, Voss kommune*. Rapport terrestrisk økologi nr. 62. Zooforsk, enhet for anvendt økologi, Zoologisk museum, Universitetet i Bergen.

Søknaden

Det vert søkt om å gjere tiltak på brua ved Elvamotet i Grånosmyrane naturreservat. Brua er ein del av den T-merka stien frå Ljosandbotn til Grindaflethytta.

Ved gjennomføring av tilsyn på brua i fjor haust ser dei behov for å gjera tiltak på brua slik at den vert trygg.

Dette vart oppsummert som naudsynt å få gjort i 2026 jamfør tilsynsrapporten:

- 1) Montera nye flekar med overlapp.
- 2) Etterstramme plateklemmer eller skifte til kilehus og strekkfisk.
- 3) Grave fram taufeste i nord.
- 4) Stramme bardurer i sør
- 5) Reparere rust på mast i nord

Tilkomst er tidkrevjande og det er forventa at arbeidet vil ta 2-3 dagar med overnatting i Elvamotet.

Det vert opplyst per e-post at oppstart av arbeidet er tenkt i mai 2026.

Under ser ein bileta frå rapporten:





Flekane er smale og heng ikkje saman



Ein fleke var knekt



Godt feste i sør men eit rot av ståltau



Feste ikkje synleg for kontroll og fare for korrosjon



Har tauet sklidd i klemme?



Korrosjon på mastefot i nord



Slakke barduner i sør

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift for Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1,



- 2008
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, rettleiar M106-2014, Miljødirektoratet

Lovgrunnlag

Føremålet med vern av Grånosmyrane naturreservat er «... å frede eit fjell- og våtmarksområde med hekkefunksjon for eit rikt og sårbart fugleliv» jamfør punkt III.

Jamfør punkt IV gjeld følgjande reglar i reservatet:

1. *All vegetasjon i vatn og på land er freda mot alle former for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast.*
3. *Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna tilførsle av konsentrerte forureiningar, tømning av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmende.*
5. *Camping, teltslaging og oppsetting av kamuflasjeinnretningar i tida f.o.m. 1. juni til 1. august er forbode.*

Forskrifta opnar ikkje opp for vedlikehald av bruer slik andre forskrifter i området gjer, så denne saka må behandlast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ:
«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig ...».

Rundskrivet om forvaltning av verneforskrifter frå Miljødirektoratet beskriv korleis § 48 er meint å nyttast:

«Dispensasjonsbestemmelsen er i utgangspunktet ment for uforutsette tilfeller eller spesielle/særlige tilfeller som ikke ble vurdert ved opprettelsen av verneområdet, i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigående forstyrrelser. § 48 første alternativ dekker tilfeller hvor verneformålet og verneverdiene tåler enkeltstående avvik fra vernebestemmelsene.»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka

Vurdering

Voss utferdslag har ansvar for merking og vedlikehald av merka T-løyve frå Ljosandalen til Grindaflethytta. Ved Elvamotet er det ei bru som treng vedlikehald for at ferdsele på brua skal vera trygg. Forvaltar vurderer dette arbeidet som naudsynt.

Det er allereie gitt løyve til motorferdsel for tiltaket. Det vart då vurdert at arbeidet som skal gjennomførast er vedlikehaldsarbeid, noko forvaltar trudde ikkje var søknadsploktig. Dette er tilfellet for forskrifta til Nærøfjorden landskapsvernområde. I ettertid har forvaltar oppdaga at reglane for Grånosmyrane naturreservat ikkje opnar for vedlikehald, og derfor vert sjøve vedlikehaldsarbeidet no handsama.



Sidan all vegetasjon er freda og det er ulovleg med oppføring av faste innretningar i Grånosmyrane, og dispensasjonsreglane ikkje nemner denne typen tiltak, må det vurderast om me her kan nytte § 48 for å vurdere løyve til tiltaket. Sidan tiltaket er av vedlikeholdsmessig karakter, kan tiltaket verte karakterisert som eit bagatellmessig inngrep. Gravinga vil vere såpass lite omfattande at ein kan kalle det ei forbigående forstyrring. Forvaltar vurderer difor at det her kan vurderast løyve etter § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Men ein må gjere ei grundig vurdering av nml. § 8-12 og om den samla belastninga i ein større samanheng kan vere til skade for verneverdiane og slik i konflikt med verneføremålet.

Grånosmyrane vart freda i 1995 fordi det var eit verdifullt våtmarksområde med rikt og sårbart fugleliv. Ornitologiske undersøkingar frå 1991 konkluderte med at Grånosmyrane var viktig for hekkande fugl og eit av få større våtmarksområde i høgjellet på vestlandet (Håland A., et. al., 1991). Rapportar gjennomført av Gunnar Bergo i 1982 og 2023 antyd at det no er mindre fuglar i Grånosmyrane (Bergo, G., 1982 og Bergo, G., 2023). Registreringane i 2023 viser at fleire artar er vekke og andre artar er sterkt redusert. Bergo løftar opp at tap av andre habitat i fuglane sine trekkområder kan vere årsaken til nedgangen. Det er behov for meir omfattande kartlegging i Grånosmyrane. Kunnskapen om området er også kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, informasjon frå villreinutvalet, SNO og forvaltninga sin kjennskap til området, og rapportar frå kvisting av skiløypa tidlegare år. Kunnskapsgrunnlaget jamfør nml. § 8 er vurdert som godt nok for å vurdere akkurat denne saka, og føre-var-prinsippet jamfør nml. § 9 er ikkje vektlagt i saka. Ut i frå kunnskapsgrunnlaget er det heller ikkje grunn til å tru at tiltaket vil kunne føre til skade på naturmangfaldet jamfør nml. § 11 dersom tiltaket vert gjennomført slik vilkåra krev.

Vedlikehald av eksisterande bru som beskriven i søknaden er naudsynt for tryggleiken til dei som skal bruke brua. Det er ikkje snakk om ein ny installasjon, og det største inngrepet er å grave vekk massar frå festet i nord. Men dette skal minimaliserast til det som er heilt naudsynt for å sikre at festet ikkje vert forringa. Forvaltar vurderer difor at tiltaket er beste metode for å oppretthalde sikkerheita til eksisterande bru jamfør. nml. § 12. Om gjennomføringa av tiltaket vert gjort utanom den mest sårbare tida for hekkande fugl er det liten grunn til å tru at sjølv gjennomføringa av tiltaket vil ha negativ påverknad på naturverdiane og spesielt fuglelivet.

Det er berre ein tursti med ei bru som går gjennom Grånosmyrane naturreservat. Dette tiltaket vil difor ikkje gje presedens til anna enn denne brua. Belastninga av dette enkelttiltaket kan kallast bagatellmessig og forvaltar vurderer den samla belastninga på økosystemet og naturverdiane jamfør. nml. § 10 for å vere små.

Ut i frå vurderingane av § 8-12 vil ikkje dette tiltaket skade verneverdiane og difor heller ikkje vere i strid med verneføremålet.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar tiltaket med å vedlikehalde brua ikkje er i strid med verneverdiane og verneføremålet, og tilrår at det med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ vert gjeve løyve til tiltaket.



Arkivsaksnr: 2026/7332-2

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 23.04.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	11/26	27.04.2026

Nærøyfjorden landskapsvernområde - oppsetting av målesøyler - Høydøla - Kongsteigsgrovi - Statens vegvesen

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statens vegvesen dispensasjon til etablering av to midlertidige målesøyler/fastmerker på strekninga Høydøla – Kongsteigsgrovi langs vestsida av Aurlandsfjorden.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48, fyrste ledd.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Det kan setjast opp to målesøyler med ei høgd på 1 meter.
- Søylen kan plasserast langs den raude linja vist i figur 2.
- Målesøylen kan boltast fast i fjellet.
- Målesøylen skal fjernast så snart det ikkje lenger er behov for dei.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om etablering av fastmerke/målesøyler i verdsarvområde, Statens vegvesen 13.04.2026

Søknaden:

Statens vegvesen søker om lov til å etablere inntil 2 målesøyler/fastmerker ved Aurlandsfjorden på strekingen mellom Høydøla til ca. Kongsteigsgrovi.

Frå søknaden:




Landmålerne i Statens vegvesen har fått et oppdrag og gjennomføre målinger/skanning av noen murer ved Kvitt langs E16. utfordringene i område er om det er sig/fare for utglidning av murer /masser i område. I den forbindelse må vi etablere et fastmerke nett bestående av ca. 5 fastmerker. En del av utfordringen med etableringen av disse punktene, er at det er lite med fast fjell i område, og der vi fant fjell, så ligger de veldig på en rekke. Dette gir utfordringer på beregningene og hvor god nøyaktighet vi klarer å få ut av nettet, da vi er avhengig å få etablert trekant med helst like vinkler for å oppnå god geometri og nøyaktighet. Etter en synfaring så vi på mulighetene for å få etablert inntil 2 punkt på andre siden av fjorden. Det viser seg at da er vi innenfor Verdensarv område. Ber derfor om å få etablert søylene slik at vi får gjort en god jobb med overvåking av murene langs E16.



Fastmerkesøyle 1 meter

Figur 1. Bilde av søylene som vil bli brukt og eit bilde av den i terrenget.



Figur 2. Grøn linje viser plassen det skal overvåkast murar. Raud linje er omtrentleg område for oppsetting av søylene.



Figur 3. Flyfoto som viser området langs fjorden der søylene er tenkt satt opp.

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 2008
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter. Miljødirektoratet, Veileder – M106-2014

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og*



kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreatforma landskap med eit mangfald av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».

Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter, m.a. oppføring av anlegg og faste innretningar, sprenging, masseuttak, utfylling, planering, lausbryting og fjerning av stein og mineral.

Det er ikkje opning i verneforskrifta for dette tiltaket, og ein dispensasjon må derfor vurderast etter naturmangfaldslova første, andre eller tredje alternativ i § 48,:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».

Rundskrivet om forvaltning av verneforskrifter frå Miljødirektoratet beskriv korleis § 48 er meint å nyttast for kvart alternativ:

- Første alternativ:
«Hvis et omsøkt tiltak eller en aktivitet ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, kan forvaltningsmyndigheten vurdere dispensasjon etter § 48 første alternativ. Ved søknad om dispensasjon må det først vurderes om vilkårene er oppfylt. Vilråene er kumulative, det vil si at begge vilkårene må være oppfylt». «Dispensasjonsbestemmelsen er i utgangspunktet ment for uforutsette tilfeller eller spesielle/særlige tilfeller som ikke ble vurdert ved opprettelsen av verneområdet, i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigående forstyrrelser. § 48 første alternativ dekker tilfeller hvor verneformålet og verneverdiene tåler enkeltstående avvik fra vernebestemmelsene».
- Andre alternativ:
«Ved søknad om dispensasjon må det først vurderes om vilkåret er oppfylt. Vilrået er at det foreligger et sikkerhetshensyn. I tillegg er det et vilkår at tiltaket er nødvendig. Med sikkerhetshensyn siktes det blant annet til sikkerhet for liv og helse, smittsomme sykdommer fra dyr og sikkerhet mot omfattende og direkte skade på eiendom. I nødvendighetskriteriet ligger det at sikkerhetshensynene må være av kvalifisert art, og at det ikke er praktisk mulig å ivareta dem ved tiltak utenfor verneområdet eller ved tillatte eller mindre inngripende tiltak innenfor verneområdet.»
- Tredje alternativ: *«Ved søknad om dispensasjon må det først vurderes om vilkårene er oppfylt. Hovedvilrået er at det foreligger en vesentlig samfunnsinteresse. I tillegg er det et vilkår at tiltaket er nødvendig. Med vesentlig samfunnsinteresse menes tungtveiende hensyn av nasjonal betydning. Dette kan være for eksempel viktige kommunikasjonsanlegg som flyplasser, jernbaner eller større samferdselsprosjekter. Saker som har stor lokal interesse eller regional betydning er ikkje tilstrekkelig som grunnlag for dispensasjon etter denne bestemmelsen.*

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



Vurdering

E16 er ein av hovudfartsårene mellom aust og vest, og er eit nasjonalt viktig vegsamband. Målesøylene som det blir søkt om løyve til å sette opp er viktige som eit tryggingstiltak for å overvake murane vegen ligg på, og kunne sette inn tiltak viss ein ser at desse held på å gli ut. Samtidig er tiltaket eit relativt lite inngrep som ein kan argumentere for at fell under definisjonen av kva ein kan gje løyve til etter første alternativ i § 48: «...uforutsette tilfeller eller spesielle/særlige tilfeller som ikke ble vurdert ved opprettelsen av verneområdet, i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigående forstyrrelser.»

Forvaltar meiner på bakgrunn av dette at det kan vurderast å gje løyve til tiltaket etter paragraf 48 første alternativ. For å vurdere om ein kan gje løyve etter dette alternativet må ein først vurdere om tiltaket påverkar verneverdiane eller formålet med vernet. Ein må også gjere ei grundig vurdering av nml. § 8-12.

Området der det er snakk om å sette opp målesøylene er eit urørt område naturområde på vestsida av Aurlandsfjorden. Det er delvis ope og delvis skogkledd, med blanding av berg og rasmark. Det er registrert ei lokalt viktig naturbeitemark på andre sida av Høydøla, der det også er registrert eit par trua artar, men det er ikkje gjort nokon registreringar på den sida av elva der det er søkt om å sette opp målesøyer (naturbase 21.04.2026). Området er nok heller ikkje godt kartlagt. Området er ein del av mosaikken med opne områder langs fjorden som det i fleire nyare undersøkingar har kome fram at er nasjonalt viktig for mange insektartar. Sjølv om det ikkje er grunn til å tru at akkurat dette er blant dei viktigaste områda, så er det ikkje usannsynleg å finne raudlista artar også her.

Det blir søkt om å sette opp to målesøyer som skal boltast fast i fjellet. Dette er eit inngrep som uansett ikkje vil påverke eventuelle sårbare artar i området. Kunnskapen om naturverdiar i området blir derfor vurdert som god nok til å vurdere dette tiltaket, jf. nml § 8, og føre-var-prinsippet (§ 9) er difor ikkje vektlagt i saka.

For å kunne gje løyve til eit tiltak etter § 48, første alternativ, kan det ikkje vere i strid med formålet med vernet. Hovudformålet med vernet av Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på landskapet, inkludert mangfaldet av artar og kulturlandskapet. Målesøylene er utforma slik dei er i raudt og kvitt, for at dei skal vere lette å sjå i terrenget. Dei vil derfor kunne påverke landskapet i ein viss grad. Samtidig er det snakk om ein relativt liten innretning på 1 meters høgde. For dei som ferdast på fjorden vil stengene truleg vere synlege, i alle fall i perioden utan lauv på trea, men dei vil ikkje vere dominerande i landskapet. Frå andre sida av fjorden vil stengene truleg vere vanskelege å oppdage viss du ikkje veit at dei er der. Forvaltar vurderer at stengene ikkje vil påverke landskapets art og karakter vesentleg. Dette er eit spesielt tilfelle som vil skape liten presedens for andre saker. Totalt sett vurderer forvaltar at den samla belastninga av tiltaket vil vere akseptabel, jf. nml. § 10, og at verneverdiane ikkje blir påverka nemneverdig, jf nml. § 48.

Som vegvesenet skriv i søknaden sin er dei nøydt til å plassere to målepunkt på den sida av fjorden som er verna, fordi det er berre her dei kan finne fast fjell å feste dei i. Det er derfor naudsynt å gjere inngrepet inne i verneområdet. Det er eit lite inngrep som aukar sikkerheita for dei som ferdast på E16 vesentleg. Forvaltar vurderer målesøylene til å vere



miljøforsvarlege og ein god samfunnsmessig løysing, jf nml. § 12. Tiltaket vil lite truleg føre til miljøforringing og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Konklusjon

Målesøylene er eit lite inngrep som er eit viktig sikringstiltak for hovudfartsåra E16. Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar tiltaket ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og at det ikkje vil vera i strid med verneføremålet. Forvaltar meiner det kan gjevast løyve til tiltaket etter § 48 i naturmangfaldslova.